

**Aktivitetsdagen under planleggjing**

18.02.2011



Oddmund Soldal i aksjon - kva finn han på i år? (Foto: Knut A. Myklebust)

**Aktivitetshusets Damevenner er allereie godt i gang med planleggjingga avårets Aktivitetsdag. I år blir den arrangert lørdag 11.juni. Ettersom dette eri Pinsehelga reknar dei med ekstra mykje liv og røre i båthamna i år**

Nytt av året er at styret i Aktivitetshuset kjem til å ta seg av avviklinga av "Hopp i Havet"-konkuransen. Dei kjem med meir info seinare, men det er bare til å setja i gang med byggjing, liming og klistring av fartøy!

Kaptein Sprød med mannskap og skute ligg, så vidt vi veit, fastfrosen og innesperra ein plass langs Nordvestpassasjen per i dag, men kjenner vi han rett kjem han seglande inn i båthamna akkurat når vi forventar det i år óg.

Ellers så er det berre til å byrja å melda seg til Aktivitetshusets Damevenner enten ein vil ha stand, salsbod, underhaldning eller hjelpa til under arrangementet.

PS! Blir det Påskequiz i år óg? Sjølvsagt – palmelaurdag 16.april slår vi til med nye spørsmål i Helgheim! Meir info kjem...

Best regards / Med vennlig hilsen

**Aktivitetshusets Damevenner**